

## SAKSFRAMLEGG



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

|           |            |                    |
|-----------|------------|--------------------|
| Dato:     | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
| 28.3.2012 | 2012/3555  | Morten Larsen      |

|               |  |                 |
|---------------|--|-----------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utval</b>   | <b>Møtedato</b> |
| <b>4/12</b>   | Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren | 28.3.2012       |

### KOMPETANSEUTVIKLING I TANNHELSETENESTA – UTKAST TIL MÅL OG RETNINGSLINJER

Fylkestannlegen inviterar til diskusjon om framtidig innretning av kompetansemidlar. Dagens ordning ("70 %-regelen") har stått uendra i mange år. Størstedelen av kompetansemidlane er knytt til tilsette sin deltaking på TSE og NTF-landsmøtet.

Mange tilsette deltek på ulike kurs, konferansar og andre kompetansetiltak, men vi manglar eit system for å kvalitetssikre at denne kunnskapen blir overført internt. Det er også for lite fokus på kompetansestyring. Kompetanseutvikling må bli eit prioritert tema i kommunikasjonen mellom leiar og medarbeidar gjennom årlege medarbeidar-/ utviklingssamtalen. Medarbeidarane sine ønskje, leiaren/verksemda sine identifiserte kompetansebehov og det som medarbeidaren og leiaren blir samde om gjennom samtalen, bør vere premissgivande for deltaking på og finansiering av kompetansetiltak.

Vedlagt følgjer eit diskusjonsgrunnlag i form av innhaldselement i eit "kompetansereglement" med mål og retningslinjer for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta.

Anthony N. Valen  
Fylkestannlege

Morten Larsen  
Kontorsjef